

MØTEBOK

FELLESRÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
19.03.2025

Tilstades på møtet:

Medlemmer: Anne Dahle Austrheim, Randi Keilegavlen Dyrøy, Gerd Solheim, Anny Bertelsen, Helge Dyrkolbotn, Stein Hugo Fykse.

Varamedlemer: Inger Synnevåg, Linda Skålevik Syslak, Hege Ramsland

Andre:

Kommunal representant : Hege Ramsland.

Kyrkjevevja: Leif Arne Økland

Meldt forfall: Hanne Daae, Toril Hordvik, Bjørn Helge Olsen, Linda Brandtun, Terje Håland

Møtte ikkje: .

Saker til førehaving:

F – 08/25 – F – 13/25

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 14/25 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Vedtak:
Ingen merknader.

F – 15/25 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

Vedtak:
Hege Ramsland, Gerd Solheim.

F – 16/25 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 12.FEBRUAR 2025

Vedtak:
Møteboka godkjent utan merknader.

F – 17/25 ORIENTERING;
• Endring av plassering av felt for namna minnelund.

F – 18/25 GODKJENNING AV REKNESKAPEN FOR 2024

Bakgrunn:

Rekneskapen for Austrheim sokn er no klar. Vi fekk ei påplussing på det kommunale tilskotet for 2024, etter politisk press. Tilskotet vart auka frå 3.570 000 til 3.820 000. Det kom svært godt med, sidan driftsrekneskapen for 2023 synte eit meirforbruk på 536 313 kroner. Hovudgrunnen til dette har som kjent vore for stramme tildelingsrammer frå kommunen, i kombinasjon med ein uvanleg høg pris og lønsvekst.

I budsjettet for 2025 har vi fått tildelt ei ramme 4.000 000 i driftstilskot, som er likt det som vi bad om. Vi har no fått eit langt betre og meir konstruktivt forhold til kommunen det siste året, noko som også har bidratt til auka forståing for soknet sitt behov og soknet si rolle i lokalsamfunnet.

Dette er rekneskapsfører sin kommentar til resultatet i 2024:

Netto driftsresultat for 2024 syner eit meirforbruk på kr 70.277 før avsetningar og bruk av avsetningar. Dersom ein hadde brukt så mykje av fond som det er budsjettet med ville ein ha endt opp med eit mindreforbruk i år. Derfor har ein strøke så mykje av bruken at resultatet går i 0.

Meirforbruk i driftsregnskapet for 2022, kr 68.188, var vedtatt dekkja inn i 2023. Men ettersom det var eit meirforbruk også i 2023 måtte inndekkinga av 2022 strykast. Dette meirforbruket må derfor dekkast inn i fastsettelsesvedtak for 2024.

Investeringsresultatet går i 0 etter at ein har strøke litt av budsjettert avsetning til fond.

Reglane om strykning og avsetjingar er vanskeleg å forstå. Men det er slik Aider forklarar at dette heng saman. Dermed er det altså ingenting å tilføra eller ta frå fond som gjeld 2024. Vi går altså i 0. I budsjettet for 2024 var det sett av meir midlar som skulle bli tatt frå fond for at vi skulle gå i balanse. Dette vart det altså ikkje behov for, grunna høgare inntekter og mindre kostnader enn det ein såg for seg. Det vedtaket som soknerådet skal gjera handlar altså om ein eit meirforbruk i 2022 (kr 68.188), som det må lagast vedtak på her. Akkurat denne summen skal bli tatt frå fond.

Uansett er soknet sin økonomi på ein betre og sunnare stad enn i 2023. Og utsiktene for 2025 er også betre, sidan soknet no har fått ei driftsramme på 4.000 000 kroner frå kommunen. I kombinasjon med at vi er i ferd med å refinansiera låna våre i Kommunalbanken og at det ligg til rette for at premiefondet i KLP kan brukast aktivt dette året også, så vil ein kunna ha meir likvide midlar tilgjengelege enn det vi har hatt tidlegare.

Nokre merknader til ulike postar i driftsrekneskapen:

- Inntekter i form av brukarbetalingar, sal, gebyr, avgifter og leige, syner ein auke på nesten 100 000 kroner i forhold til rekneskapen for 2023.
- Mindre inntekter på refusjonar/overføringar i 2024 i forhold til 2023, skuldast i hovudsak mindre sjukelønsrefusjon.
- Det er ein auke generelt på gåver og innsamla midlar.
- Vi har ein reduksjon i lønsutgiftene i forhold til budsjettet. Sjølv om det har vore ein lønsauke og ingen reduksjon i faste stillingar, er likevel samla lønsutgifter redusert fordi vi har brukt KLP sitt pensjonsfond/premiefond aktivt. Fondet kan brukast direkte på pensjonsutgiftene og redusera den løpande premien. Dermed vert også lønsutgiftene redusert tilsvarande. Storleiken på fondet er avhengig av kor stor avkastning ein får på soknet sine samla fondsmidlar. Avkastninga frå i fjor er så pass god at det ligg til rette for at premiefondet kan brukast aktivt i 2025, om det skulle vera behov for det.
- Kjøp av varer og tenester syner ein reduksjon på om lag 180 000 kroner i forhold til budsjettet. Vi prøver heile tida å vera nøkterne med tanke på innkjøp. Vi har også reduserte utgifter til straum, grunna lågare pris. Vi forventar at vi skal få effekt av mindre energibruk i 2025, grunna overgang til varmepumper som oppvarming i kyrkja. Det er også forhandla fram ein rimelegare avtale på kyrkjekontoret sin bruk av breidband.
- Vi har ein auke i renteinntektene, grunna omplassering av soknet sine reserver til høgrentekonto.

Merknader til investeringsrekneskapen:

- Soknet sine investeringar i 2024 er hovudsakleg utgifter til installering av varmepumper i kyrkja. Resterande gjeld prosjekteringsutgifter til namna minnelund. Tyngda av kostnader til namna minnelund vil koma i 2025.

Soknet sine fond:

Soknet har reservar som er plassert i ulike fond til framtidig bruk. Ved utgangen av 2024 utgjorde desse reservane kr 2.359.953 mot kr 2.777.772 ved utgangen av 2023.

Framlegg til vedtak:

Austrheim sokneråd godkjenner rekneskapen for 2024 slik den ligg føre. Både drift og investeringsrekneskapen går i 0, og det skal difor ikkje vera overføringar til eller frå fond som gjeld 2024. Udekka meirforbruk i driftsrekneskapen for 2022, kr 68.188, vert dekkja inn frå disposisjonsfond.

Vedtak:

Austrheim sokneråd godkjenner rekneskapen for 2024 slik den ligg føre. Både drift og investeringsrekneskapen går i 0, og det skal difor ikkje vera overføringar til eller frå fond som gjeld 2024. Udekka meirforbruk i driftsrekneskapen for 2022, kr 68.188, vert dekkja inn frå disposisjonsfond.

F – 19/2025 GODKJENNING AV ÅRSMELDINGA FOR 2024

Bakgrunn:

Soknet si årsmelding vert sendt ut som eit vedlegg til sakspapira.

Framlegg til vedtak:

Austrheim sokneråd godkjenner årsmeldinga for 2024 slik den ligg føre. Underskriven årsmelding vert sendt rekneskapsførar og revisor.

Vedtak:

Austrheim sokneråd godkjenner årsmeldinga for 2024 slik den ligg føre. Underskriven årsmelding vert sendt rekneskapsførar og revisor.

MØTEBOK

SOKNERÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
19.03.2025

Tilstades på møtet

Medlemer: : Anne Dahle Austrheim, Randi Keilegavlen Dyrøy, Gerd Solheim, Anny Bertelsen, Helge Dyrkolbotn, Stein Hugo Fykse

Meldt forfall: Hanne Daae, Toril Hordvik, Bjørn Helge Olsen, Linda Brandtun, Terje Håland

Varamedlemer: Inger Synnevåg, Linda Skålevik Syslak, Hege Ramsland

Møtte ikkje:

Andre:

Kyrkjevevja: Leif Arne Økland.

S – 04/2025 ORIENTERING

- Jubileumsgudstenesta og jubileumskonsernten
La oss fylla kyrkja til jubileumsgudstenesta 30.mars.
- Førebels selt 64 bilettar til jubileumskonsernten. Mange som seier dei skal. Vi må påvirka folk til koma ned frå gjerdet og faktisk kjøpa bilettar.
- Bord og stolar til kyrkjelydshuset er bestilt og har ei leveringstid på ca 4 veker.
- Årsmøtet 26.mars vert med besøk av Randi og Jan Ulveseth.
- Det vert bygdetreff 26.mars med kyrkjejubileet som hovudsak. Fleire skal bidra med innlegg, både frå eit historisk og eit noverande perspektiv.

Bakgrunn:

Det har dei si siste par åra blitt jobba med endring av driftsorganisasjonen Fjon Fjellkyrkje. Tidlegare var den eit underbruk av Masfjorden sokn, utan høve til å ha eit eige organisasjonsnummer. Alle sokna i prostiet har bidratt til at fjellkyrkja i si tid vart bygd og følgt opp elles med å leiga kyrkja, samla inn midlar i form av kyrkjeofringar til drifta og at eit medlem av soknerådet har møtt i rådsmøtet ein gong i året.

Styret har dei siste åra arbeidd med å finna ein ny organisasjonsform som både er fleksibel og ikkje stiller det enkelte sokn ansvarleg om ein skulle gå konkurs. Organisasjonsforma ein har landa på er «forening». Ein har med vilje ikkje landa på organisasjonsforma «stifting», til dømes. Soknerådet gav si tilslutning til den nye organisasjonsforma i S – sak 03/24 den 3. april 2024. Helge Dyrkolbotn vart oppnemnd som soknerådet sin representant til rådsmøtet den 28. mai 2024, der den nye organisasjonsforma vart vedtatt.

I vedtektene til den nye foreininga skal framleis Masfjorden sokn vera formell eigar av fjellkyrkja, medan foreininga skal stå for drifta. Dette er i praksis ikkje den store endringa i forhold til slik det har vore. Men no er «Foreininga Fjon fjellkyrkje og Ungdomssenter» ei sjølvstendig eining med eige organisasjonsnummer.

Det er altså ikkje nok å ha vedtatt ei ny organsiasjonsform. Ein må i tillegg ha eit formelt vedtak der ein vert innmeldt i foreininga. Det er det denne saka dreiar seg om.

Framlegg til vedtak:

Austrheim sokn melder seg inn som medlem i «Foreininga Fjon Fjellkyrkje og Ungdomssenter»

Vedtak:

Austrheim sokn melder seg inn som medlem i «Foreininga Fjon Fjellkyrkje og Ungdomssenter»